

Saknummer: 05/01453
Løpenummer: 000244/06
Arkivkode: 103 &13
Saksbehandlar: Reidun K. Halland

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0003/06	Formannskapet	05.01.2006

NOU 2005:18 NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- KS Sogn og Fjordane
- KRD

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Framlegg til uttale frå KS Sogn og Fjordane
- 10 punkt frå KS sitt Rådmannsutval
- Berekingar frå KS prognosemodell som syner økonomiske konsekvensane for Gulen kommune ved omlegging av modell

Ikkje utsende vedlegg:

-

Saksutgreiing:

Viser til vedlagt framlegg til uttale frå KS Sogn og Fjordane og prognosar som syner korleis eit nytt inntektssystem vil slå ut i høve vekting.

Administrasjonen vil til møtet den 05.01 ha arbeidd seg igjennom uttalane og berekingane og komme med framlegg til høyringsuttale.

Framlegg til vedtak:

1. Gulen kommune er oppteken av at basistilskotet til kommunane skal reflektere at små kommunar har ein del terskelutgifter knytt til tenester som t.d. legeteneste, arealforvaltning, miljø og landbruk m.m. Vi meiner utgiftene er større for øysamfunn med mange separate øyar i utkant-Noreg, enn for spreiddbygde kommunar nær tettstader og byar. Vi trur ikkje vi er tilstrekkeleg kompensert for dette i inntektssystemet, og meiner difor at det er eit uheldig signal at t.d. kriteriet for miljø og landbruk fell ut av kostnadsnøkkelen.

2. Gulen kommune er godt nøgd med at inntektssystemutvalet har nyttiggjort seg nytt datagrunnlag og gjennomført nye analysar innan **pleie og omsorg**. Vi meiner utvalet sin konklusjon samsvarer bra med våre erfaringar av kva som påvirker kostnadene, men vil likevel meine at sonekriteriet er for lågt vekta (jfr. vekting knytt til skule). Vi finn det noko overraskande at kostnadene ikkje blir påverka av tal utviklingshemma under 16 år. Gulen kommune har hatt og har pr. i dag betydelege utgifter knytt til multifunksjonshemma born under 16 år.
3. Den nye **barnehagen** nøkkelen ser bort frå at det kan vere systematisk skeivfordeling av smådriftsulemper i kommunesektoren. Forsking viser at små barnehagar har vesentlege smådriftsulemper. I tilknytning til innlemminga av barnehagetilskota i inntektssystemet burde ein sett nærare på om det er ein tydeleg overvekt av små barnehagar i t.d distrikts- og utkant-kommunar og i så fall drøfta kva implikasjonar dette evt burde få.

Kostnadsnøkkelen for barnehagar må vurderast på nytt, og konsekvensane av behovet for små barnehagar med smådriftsulemper i distrikta må belyst.

4. Når det gjeld **skular** så er kriteriet berekna reisetid til sentrum borte i frå den nye indeksen. Utvalet har lagt vekt på at kriteriet sone og nabo vil fange opp situasjonen med spreidd busetjingsmønster og lange reiseavstandar. For Gulen kommune slår omlegginga av kostnadsnøkkelen negativt ut. At sonekriteriet vert inkludert når det gjeld pleie og omsorg er svært positivt, kommunen har i lengre tid jobba for at dette kriteriet skal på plass, det er difor svært beklageleg at den gevinsten innføringa av dette kriteriet medfører vert ”spist opp” av det tapet omlegginga medfører når det gjeld skule. For ein kommune som Gulen med under 400 elevar kan det tilsynelatande synast som om vårt val av skule-struktur og organisering av skulen med 4 barne og ungdomsskular er gjenstand for politiske val. Men når ein då sit inne med informasjonen om at Gulen kommune ligg på landstoppen (nr. 5 på landsplan) når det gjeld reiseavstand innan sona, og vi veit at sjølv med dagens skulestruktur er det born som har 2 timar skulereise kvar dag, så vert det vanskeleg å sjå for seg at ein har så mykje politisk val. Bortfall av reisetidkriteriet er ikkje tilstrekkeleg kompensert gjennom auke i andre relevante kriteria. Omlegginga kan i verste fall føre til at økonomisk svake kommunar må sentralisere skuletilbodet med dei fylgjer det vil få for born si reisetid til og frå skulen.

Busettingsmønster som i stor grad har med topografi å gjere meiner vi må sjåast på som ufrivillige kostnadsulempe, og at bortfall av reisekriteriet til sentrum bør kompenseras gjennom auke av dei andre spreiddbygdkriteria

5. Inntektssystemutvalet har ikkje vore villig til å utarbeide ein eigen kostnadsnøkkel for **kommunale vegar**. Det kommunale vegnett representerer for mange kommunar ein stor utgiftspost som ein ikkje kan sjå bort frå dersom ein skal ta eige busettings-mønster på alvor. Inntektssystemutvalet sitt argument er at det kommunale vegnett ikkje representerer nasjonale velferdstenester i tilstrekkeleg grad. Dersom ein legg ein slik tankegang til grunn, bør ein også ta ut fylkesvegane frå systemet.

Kommunevegar representerar sjølvstilt velferdstenester og kommunale kostnader som må reflekterast i inntektssystemet, og må vere med som kostnadsnøkkel på line med fylkesvegar.

6. Storleiken på **skjønspotten** bør i prinsippet reflektere i kor stor grad inntektssystemet gir den fordelingsprofilen Stortinget ønskjer. Eit godt system krev lite skjønsmidlar, eit mindre godt system mykje skjønsmidlar. Ekspertar vil alltid meine at dei har kome med eit godt system og såleis tilrå lite skjøn. Spørsmålet om storleiken på skjønnet bør overlatast til politisk side.

Gulen kommune meiner at det er svært viktig at skjønstilskotet til ei kvar tid må vurderast politisk ut frå det behovet ein ser for å oppnå ein fordelingsprofil som ikkje vert ivareteke av inntektssystemet.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 05.01.2006:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.